




Årstein Eik og Kristian Bringedal på Malmangernuten 50 år etter Realskuleturen i 1966.

**Eit fast årleg innslag på Kvinnherad kommunale realskule var fjelltur, til Melderskin eller Malmangernuten. No er det 50 år sidan klassane var på Melderskin, og til neste år det same for Malmangernuten. Årstein Eik og Kristian Bringedal gjekk same turen til Malmangernuten no i veka, opp på Skeie, gjennom sherpatrappene, på toppen ( 900 m.o.h. ) og ned via Gamlestølen til Guddal.**





[Sherpatrappene er til stor nytte og glede i dag.](#)

Årstein og Kristian gjekk rett nok år etter år på realskulen i Rosendal, men klassane var samla på desse fjellturane. Skulestyrar Ragnvald Guddal sykla kvar dag på jobb, var i god form og var godt kjend i Rosendalsfjella. Han valde som turleiar å gå opp på Malmangernuten inne i Guddal og ned lia til Malmanger. 50 år etter med god merka sti går dei fleste både opp og ned i Rosendal.

Stien til Melderskin er som før, men her det også komme sherpatrappar. Mange elevar frå Uskedalen var med på desse fjellturane for 50 år sidan. I farten nemner vi: Harald Sætre, Åge Magne Nerhus, Mikal Myklebust, Olav



Ulvenes, Annbjørg Myklebust, Gunnlaug Eik, Liv Sunde, Årstein Eik, Terje Ljosnes, Tormod Myklebust, Inger Elise Helgeland og Kirsten Kristiansen.

Nedanfor er to bilete frå tur til Melderskin med Kvinnherad komm. realskule og styrar Ragnvald Guddal i 1966.





Tekst/nett: Thor Inge Døssland.  
Foto: Kristian Bringedal og Harald Sætre.